



Undersøking av naturtyper, og truga artar i og ved planlagt massedeponi ved Gjermundnes masseuttak i Vestnes kommune.

FAUNAFOKUS AS Notat 2022 : 5

Av Oddvar Olsen. FAUNAFOKUS AS. Volda 28.07.22

<p>Utførende institusjon: FAUNAFOKUS AS</p>	<p>Prosjektansvarleg: Oddvar Olsen</p>
<p>Oppdragsgjevar: Gjermundnes Naturmurstein AS</p>	<p>Kontaktperson hos oppdragsgjevar: Erik Ludvigsen</p>
<p>Referanse: Olsen, O. 2022. Undersøking av naturtypar, og truga artar i og ved planlagt massedeponi ved Gjermundnes masseuttak i Vestnes kommune. FAUNAFOKUS Notat 2022: 5. 14 s.</p>	
<p>Referat: I samband med utviding av reguleringsplanen for Gjermundnes masseuttak i Vestnes kommune vil Statsforvaltaren ha ei kartlegging av naturtypar og truga artar. Med grunnlag i eksisterande kunnskap og ny undersøking i området vår/sommar 2022, er kunnskapsgrunnlaget for naturverdiar styrka.</p>	

Figur 1. Forsidebildet viser eit typisk utsnitt av skogen i området, småvokst furu med granplantefelt i bakgrunnen. Bildet er tatt frå masseuttaket og austover mot det planlagde nye deponiområdet.

Innhold

Innhold	3
1. Innleiing	4
2. Metode	6
3. Observasjonar	8
3.1 Eldre observasjonar i Artskart	8
3.2 Resultat av undersøkinga	9
3.3 Konklusjon	12
4. Avbøtande tiltak og oppfølgande undersøkelser.	13
5. Kjelder	14

1. Innleiing

Ved Gjermundnes i Vestnes kommune, Møre og Romsdal fylke er det planlagt å utvide reguleringsplanen i eit område søraust for eksisterande brudd. I den forbindelse vil Statsforvaltaren ha ei kartlegging av naturtypar og truga artar for å styrke kunnskapsgrunnlaget.

Utvidinga skal primært gi plass til et deponi av reine masser frå drifta. Deponiet berører ca. 31.2 daa, og omfattar ca. 130 000 m³. Fronten er ca. 10 m høg. Den er lagt 1:2 opp til ca. 85 moh., og derfrå med ei stigning 1:50 inn mot fjellveggen. Kunnskap om utbygginga baserer seg på opplysningar motteke frå oppdragsgjevar.

Vi rettar ein takk til kontaktperson for Gjermundnes Naturmurstein AS, Erik Ludvigsen, for generell informasjon og svar på spørsmål kring utbygginga.

Området som blir berørt av deponiet, er vist med gult i følgande figur.



Figur 2 Område påvirket av deponiet



Figur 3. Kart over det aktuelle området, med svart firkant som markerer planområdet.

Alle foto: Oddvar Olsen

2. Metode

Planter

Plantelivet, naturtypar og trua artar vart undersøkt den 23 mai og 10 juni under utplassering og innsamling av lytteutstyret. Området består av lyngskog og granplantefelt noko som gir svært få artar. (Sjå artsliste s.10 og GPS-spor s.11.)

Fuglar

Det vart plassert ut 3 stk. lytteutstyr i terrenget rundt i planområdet i perioden 23 mai til 10 juni 2022. Lytteutstyret er av typen Song Meter Mini, som er mykje brukt i kartlegging av fugl i Norge.



Figur 4 viser lytteutstyret som vart brukt.

Undersøkinga er konsentrert om raudlista fugleartar, med fokus på hønehauk (VU), som er observert i nærområdet. Hønehaukrop vil ein kunne få inn på lytteutstyret i ein radius på omlag 500 meter. I tillegg vart alle andre fuglelydar på opptaka også bestemt og notert for å gi eit inntrykk av fuglane sin bruk av området og om der kunne være raudlista fugleartar i området.

Undersøkinga kom for seint i gang for å fange opp eventuell spel plass for orre, hubro eller eventuelle andre ugler. Beste tida for å fange opp lyd av desse artane er i mars/april.

Raudlistekategorier:

Regionalt utdødd – RE

Kritisk truet – CR

Sterkt truet – EN

Sårbar – VU

Nær truet – NT

Datamangel – DD

Kategorier over framande artar:

Svært høy risiko - SE

Høy risiko – Hi

Potensielt høy risiko - PH

Lav risiko – LO

3. Observasjonar

3.1 Eldre observasjonar i Artskart

Raudlista artar av planter:

I Artskart er det 2 observasjonar av raudlista planter, om vi tek ein sirkel på om lag 1 km ut frå planområdet.

Nær truet	NT	Allium ursinum	ramsløk
Nær truet	NT	Tilia cordata	lind

Ramsløk og lind.

Ingen av desse plantane vart observert i planområdet.

Framande planteartar:

I Artskart er det observasjonar av 7 framande planteartar om vi tek ein sirkel på om lag 1 km ut frå planområdet. 5 av dei er i kategorien SE (Svært høy risiko). 1 er i kategorien HI (Høy risiko) og 1 er i kategorien PH (Potensielt høy risiko).

Svært høy risiko	SE	Lysimachia punctata	fagerfredløs
Svært høy risiko	SE	Epilobium ciliatum ciliatum	ugrasmjølke
Svært høy risiko	SE	Aruncus dioicus	skogskjegg
Svært høy risiko	SE	Heracleum mantegazzianum	kjempebjørnekjeks
Svært høy risiko	SE	Pinus mugo	bergfuru
Høy risiko	HI	Symphoricarpos albus laevigatus	snøbær
Potensielt høy risiko	PH	Aesculus hippocastanum	hestekastanje

Fagerfredløs, skogskjegg, kjempebjørnekjeks, snøbær og hestekastanje.

Desse artane spreier seg helst med rotskudd eller frø som vanlegvis ikkje spreier seg langt.

Ugrasmjølke og bergfuru.

Desse artane spreier seg med frø som lett blir ført med vind.

Raudlista artar av fuglar:

I Artskart er det nokre observasjonar av raudlista fuglar. Om vi tek ein sirkel på om lag 1 km ut frå planområdet, så er der 4 raudlista artar observert i området.

Sårbar	VU	Accipiter gentilis	hønsehauk
Sårbar	VU	Poecile montanus	granmeis
Sårbar	VU	Larus argentatus	gråmåke
Nær truet	NT	Passer domesticus	gråspurv

Hønsehauk.

Ved Gjermundnes er det ikkje nokon kjend hekkeplass for hønsehauk. Hønsehauken føretrekk eldre storstamma open furuskog, noko som er fråverande i dette området.

Granmeis.

Denne fuglen hakkar ofte ut eige reirhol i rotne stubbar og tre og kan godt tenkast å hekke i området.

Gråmåke.

Ingen hekkeplass for denne arten.

Gråspurv.

Denne arten er oftast knytta til bygningar der den hekkar i holrom eller i fuglekasser. Det er ikkje sannsynleg at denne arten kan hekke i området.

3.2 Resultat av undersøkinga

Planter

Plantelivet, naturtypar og trua artar vart undersøkt den 23 mai og 10 juni under utplassering og innsamling av lytteutstyret. Største delen av området er granplantefelt. Mindre områder er småvokst blandingsskog med furu som dominerer, men også her er det innslag av gran som har spreidd seg. Der det ikkje er granfelt er der mykje lyng i skogbotnen og området har nok vorte brukt som beite for husdyr bakover i tid, men der var ingen tegn til husdyr pr i dag. Dei einaste dyra som ein såg spor etter på befaringa, var hjort og rådyr.

Etter NiN blir dette T38-C-1 Treplantasje (80%) og ei blanding av T4-C-1 Blåbærskog og T4-C-5 Bærlyngskog (20%).

I slike skogsmiljø som granplantefelt og bærlyngskog er det relativt artsfattig i skogbotnen.

Planter, moser og lav som vart notert:

Gran, furu, rogn, bjørk, gråor, einer, tyttebær, blåbær, røsslyng, pors, maiblom, skogstjerne og molte.

Fjærmose, etasjemose, furumose, kystkransmose, storkransmose, krinsflatmose. hjelmlæremose, tormose sp., stortujamose og larvemose.

Vanlig kvistlav, grå fargelav, vanlig papirlav, bristlav og rosa alvelav.

Framande planteartar:

Inne på bruddområdet vart det funne 3 framande artar: vinterkarse, hagelupin og platanlønn. Alle er i kategorien SE (Svært høy risiko).


Fuglar

Lytteutstyret stod ute frå 23 mai til 10 juni 2022. (19 dagar). Det var gode forhold heile perioden. Opptakar vart stilt inn på å ta opp lyd frå kl 05 om morgonen til kl 12 på formiddagen. 17 forskjellige artar vart registrert: raudstrupe, bokfink, lauvsongar, måltrast, gjerdesmett, svarttrast, dompap, grønsisik, ringdue, gransongar, munk, raudvengtrast, kråke, gråtrast, jernsporv, granmeis og gauk. Dei to sistnemnde er raudlista artar. Granmeis som VU og gauk som NT.

Granmeis: Denne fuglen hakkar ofte ut eige reirhol i rotne stubbar og tre og kan godt tenkast å hekke i området ved Gjermundnes.

Gauk: Legg som kjent egget sitt i andre sine reir og dei vanlegaste vertane i Norge er oppgitt å være piplerker, linerle, buskskvett og diverse sangere. (Svein Haftorn. Norges fugler.) Gauken har eit ganske stort område eller revir der den leitar etter høvelege vertsfuglar. Lydane av gauken på lytteutstyret var ganske svake og kom truleg utanfor området for planlagd deponi.

Det føreligg ingen kjend informasjon om hekking av hubro raudlista som EN og hønehauk raudlista som VU i nærområdet. Det er heller ikkje kjent nokon spellass for orrfugl.



Figur 5. Lilla punkt viser plassering av lytteutstyr i mai/juni 2022. Raudt strek viser spor den 23 mai.



Figur 6. Blå strek viser spor den 23 mai og 10 juni.

3.3 Konklusjon.

Planter

Området består av planta granskog og bærlyngskog og slike miljø er ofte artsfattige både når det gjeld fugl, planter, lav og mose.

Ingen utvalgte eller raudlista naturtyper vart funne i området. Heller ingen trua planteartar, lav eller mose. Det var for tidleg på året for å finne noko sopp, men potensiale er dårleg for å finne nokon trua sopp artar i slikt skogsmiljø.

Framande artar: Det blir meir og meir fokus på å bekjempe framande artar og eit massedeponi er svært utsett for å få inn uønska artar då der er store flater med open jord. Entreprenør bør ha ein plan for korleis ein handterer desse uønska artane.

Fuglar

Det vart ikkje registrert lydar av hønehauk eller annan rovfugl og det vart ikkje sett spor i form av ribbeplassar, fjør eller reir. Skogen er heller ikkje av ein slik kvalitet som for eksempel hønehauken krev.

Området ligg nok for lavt i terrenget til at orrfugl kan ha spelplass. Spelplassar ligg gjerne litt høgare i terrenget på haugar eller på åpne myrer.

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal har vorte kontakta for å høyre om der er opplysningar som er skjerma for offentlegheita. Den einaste registreringa i nærheita er eit havørnreir som ligg 1,4 km frå planområdet. Med så lang avstand, vil ikkje havørna bli berørt av desse planane.

Vurdering av usikkerheit

Registrerings- og verdiusikkerheit. Heile planområdet vart oppsøkt og vurdert, særleg med tanke på karplanter, mose og lav i tillegg til utvalgte og raudlista naturtypar. Ein vurderer derfor artsmessig dekningsgrad som god.

4. Avbøtande tiltak og oppfølgande undersøkelser.

Der er ingen behov for avbøtande tiltak eller oppfølgande undersøkelser verken når det gjeld fugle- eller plantelivet.

Men entreprenør bør ha kontakt med ein biolog for å halde kontroll og bekjempelse av eventuelle framande artar som kan spreie seg i eksisterande bruddområde og nytt deponiområde.

5. Kjelder

Artsdatabanken (2021, 24. november). Norsk rødliste for arter 2021.
<https://www.artsdatabanken.no/lister/rodlisteforarter/2021>

Artsdatabanken (2018). Fremmedartslista
2018. <https://www.artsdatabanken.no/fremmedartslista2018>

<https://artskart.artsdatabanken.no/app/#map/623469,6911013/4/background/topo2/filter/%7B%22IncludeSubTaxonIds%22%3Atrue%2C%22Found%22%3A%5B2%5D%2C%22CenterPoints%22%3Atrue%2C%22Style%22%3A1%7D>

<https://geocortex01.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>